

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Oslo, 10.09.2018

## Søknad om stønad til tillitsvaldsamlinga Meir nynorsk i kvardagen

Gode Lindås kommune.

28.-30. september skipar Norsk Målungdom til tillitsvaldsamling i Bergen på St. Paul skole. I samband med dette vil vi søkja dykk om økonomisk stønad på 5000 kroner til samlinga.

### Om oss

Norsk Målungdom (NMU) er den landsfemnande ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag. Vi arbeider for å fremja nynorsken, styrkja dialektane og verja det språklege mangfaldet. Med trottug dugnadsinnsats og måtehalden pengebruk, aktiviserar vi ungdom frå Vadsø i nord til Kristiansand i sør, trass i strame økonomiske rårmer.

### Tillitsvaldsamlinga: Meir nynorsk i kvardagen

I år har vi bytt ut den tradisjonelle haustkonferansen med ei tillitsvaldsamling. På samlinga skal vi samle tillitsvalde i NMU og andre interesserte medlemmar til ei skoleringshelg. Nett no har NMU 27 lokallag frå Troms i nord til Agder i sør, og mange av desse er nyskipa lag med styrefolk som sit i eit styre for aller første gong. Fleire av desse nye laga er blitt skipa nettopp her i Hordaland. Hovudfokuset for samlinga er å gi deltakarane den opplæringa dei treng for å vere gode tillitsvalde i NMU, slik at vi i framtida kan få enda betre og sterkare lokallag med flinke og erfarne målfolk.

### Programmet

På denne samlinga legg vi vekt på å gi deltakarane opplæring i korleis ein driv eit styre på ein god måte, korleis ein kan påverka politikarar og andre, og korleis ein kan aktivisera medlemmane i lokallaget. Vi får besøk frå LNU (Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar) som skal lære oss om berekraftig engasjement, og korleis vi kan sørgja for at medlemmane våre har det bra på arrangementa våre. Det blir også grunnskuleringar i kva Norsk Målungdom meiner og skulering om argumenta for nynorsken.

### Økonomi

Norsk Målungdom har særst stram økonomi. Råmene rundt samlinga er difor svært nøkterne - vi søv på klasseromsgolv, lagar maten vår sjølv og reiser med nattog, nattbuss og kva anna som måtte vere det rimelegaste alternativet frå dei ulike kantane av landet. Likevel kjem vi ikkje unna at det å skipe til ei slik samling kostar pengar.

Arbeidet kastar godt av seg på lang sikt, i form av at vi rekrutterer og skulerer stadig nye generasjonar målfolk, men økonomisk er det ikkje noko overskotsprosjekt. Vi er avhengige av at fleire spytta i for at vi skal kunne gjere den jobben vi gjer, og for at samlinga skal kunne fylle den rolla ho fyller. Vi vonar difor de kan ta dykk råd til å støtte samlinga økonomisk.



## Praktisk

Summen vi søker om er kr 5000. Dersom de ynskjer å stø oss med ein annan sum, er det sjølvsagt også kjærkome. Eventuell støttesum kan setjast inn på konto 3450.07.05029.

Tak gjerne kontakt med underteikna om de har spørsmål eller vil diskutera noko. Telefon 974 17 145 og epost [gunnhild@malungdom.no](mailto:gunnhild@malungdom.no).

Beste helsing  
Norsk Målungdom

Gunnhild Skjold  
Nestleiar i Norsk Målungdom  
Økonomisjef for tillitsvaldsamlinga Meir nynorsk i kvardagen

